Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året

Oppskr. av: Brita Lid

(adresse): Gamal adr: Langenes, Volda
Ny adr: Myklebost i Haram

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag: Kvitli

Gard: Øvre Lid

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namn.

1. Brising.
2. Brising er fast om bål på visse dagar i året. Vert også nytta om andre bål, t. d. når ein brende opp kvist og rask etter rydjing på böen om våren. Men i det tilfelle kan det òg heita: Eld.
3. Brising tyder helst eit litt stort bål. Ved rydjing av smågrasböen laga me „rudnindynjór" som gjerne var dei same frå år til år. Når me så eit år brende det som var brennbart på dei – der var gjerne òg stein og sand – samla me det helst frå mange rudningsdynjer, og kalla det då brising. Brende me rudningsdynjene kvar for seg, ville me ikkje kalla det brising.

Tida.

4. Eg har ikkje høyrt om det.
5. Nei.
6. Nei.
7. Det veit eg ikkje.
8. a. Ja. Jonsokbrising – Jonsokafta –.
   b. Ja. I eldre tid.

14234

c. Nei, ikkje i deira minne som har fortalt til meg. Men det skal ha vore skikk tidlegare.

d. Ja. Olsokaftan. [Det heiter aldri Olsok-kvelden hjå oss.] Fast uttrykk: Jolafta(n). Påskafta(n). Pinseafta(n). Olsokafta(n).

9. Eg har høyrt at dei gjorde det, i forne tider. Men ikkje møtt nokon som har vore med på det.

10. Nei.

11. Det om krøtera veit eg ikkje. Jonsokbrising – og alle dei andre årvisse brisingane – var kveikte på „afta".

12. Nei. Dei skulle vanleg kveikjast i skyminga, for at ein skulle sjå dei godt. Jonsok var det ingi skyming å rekna, men brisingen skulle kveikjast i 11–½12 tida.

13. Nei. Dei som var kveikte i skyminga skulle haldast ved like til midnatt, eller lenger. Jonsokbrisingen skulle brenna til langt ut på natt, kanskje til sola spratt.

## Staden.

14. Ja. Det var på stader som kunne sjåast langan lei. Ikkje ved vegkross. Der er mangfoldige stader for brisingar i vår bygd: På fjelltoppar, åsar, oppi ei lid der det er leikarvoll attmed, og på holmar.

15. Oftast brende dei brisingen på same staden, men ikkje alltid. Hangur var brukt til jonsokbrising. På Skjeldaholmen i Vangsvatnet, utfor garden Skjelde,

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14234

brende dei - og bremer dei den dag i dagleevre Olsokbrising.

16. Nei, ikkje for kvart gardsbruk. Men for ein gard kunne dei gjera det. Det var ymist. Me på Øvre Lid brende jonsokbrising oppe i Hagane (på småbøen). Det var mest born og ungdom, men han far var alltid med og hjelpte oss og såg til at det ikkje var fare med elden, og at det i turkever vart slökt heilt av. Me hadde ein plass som var nör ei ojapkoma. Elles hadde eg imtrykk av at det var gjævare å brenna brising oppe på Åsen „Lia-åsen"-, men 17de mai ville (og kunne) dei ikkje gå så langt, dei små borna skulle og få vera med.

Dei på Nedre Lid brende 17de mai brising i sine Hagar. Det var den tid 4 mann på Øvre Lid, og 4 mann (brukarar) på Nedre Lid. Jonsokbrising brende dei gjerne på Åsen. Og oppover Takla på Vivåskamben, og framme på Sollidkamben, der såg mest heile Vosselbygda brisingen.

17. Nei ikkje det eg veit.

<u>Dei som steller med bålet og tenner det.</u>

18. Alle i grenda - eller på garden - som vil vera med.

19. Ja.

20. Nei. Born bremer nok brising 17de mai, men må då ha ein eller fleire vaksne med. Sjå: nr. 16. Elles er det mest vaksneunge og eldre - som bremer brising.

21. Skikken er utgamal. Etter at Voss Ungdomslag (det frilynde) var skipa, har dei teke til å brenna Jonsokbrising. Kristelege ungdomslag V. U. F. og andre har og teke opp

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14234

skikken.
22. Nei.

## Korleis dei bygde bålet.

23. Brisingen var bygd – eller skylda opp på ymse måtar. Men noko grue av stein har eg ikkje høyrt om.
24. Emnet var også ymist. Det vanlegaste var rudningsved, greiner og lauv og tråss, og attåt det nokre staurar og stomner som kunne halda det oppe. Gran- og furebar var og mykje brukt, „Skal". Tjøretunner var brukt på høge fjelltoppar, der det ikkje vart større skog, og på holmar. Det var ungdomslag, eller Samanslåingslag i grender som kjøpte tjøretunnene, eller laga dei til.
25. Nei.

## Korleis dei fekk bål-vyrke.

26. Ikkje gamle båtar, det eg veit. Dei kjøpte tjøretunner.
27. Ja. Brisingen var oftast oppbygd før, men alle som var med skulle finna meir tilfang, om det var råd. Og dei moroa seg med å kasta eine (sprake) og andre emne på brisingen så det brasa opp, eller „briska" som dei sa.
28. Nei. Ikkje stela, men få.
29. Nei.
30. Nei.

## Korleis bålet skulle vera.

31. Nei, ikkje like store. Alle brisingar skal vera så store som mogeleg.
32. Ja.
33. Ja. Så stort som mogeleg, og så hög

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14234

flamme som mogeleg. Då jubla store og små, og sprang og leika kring brisingen. Han skulle og vara så lenge som råd var.
34. Nei, tvertimot. Dei sa: „Det vart leevre oppi röyk!"
35. Ja. Ved å kasta rå eine (sprake) og bargreiner på.

Kva bålet skulle vera til.

36. Etter gamalt: Bål skulle driva bort vonde vette.
37. Brisingen eg har skrive om skulle ikkje vera til det. Men folk hadde kjennskap at det vart gjort opp eld til vern, t. d. mot „Huldafolket."
38. Ja, dei kasta på kvivandre for moro. Men dei måtte ikkje gjera så mykje av det at det fatna i kleda.
39. Dei tok visst varsel for veret. Men eg har ikkje större greia på det. Ikkje andre varsel i mitt minne.

Sjölve festen ved bålet.

40. Nei. Me kalla det brenna Jonsokbrising (Olsokbrising), det var det vanlege. Men ein kunne og seia: „Jonsok-moro."
41. Nei, i eldre tid var både unge og gamle med, alle som kunne gå dit. I ny tid kan det vera meir ungdom – serleg når det er eit ungdomslag som skipar til. Men alle likar å vera ute og sjå på brisingane, anten dei er oppe på fjellet, eller ute på ein holme. Så heile folket tek for så vidt del i jonsok- og olsokfesten, om berre ein liten slump folk er ved brisingen – som t. d. på den vesle Skjelda=holmen.
42. Nei. Berre til brisingen var nedbrent. På holmar trongs ikkje det heller, der var ingen

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14234

brandfåre.
43. Ja, dei hadde nista med – og gjerne drikke. Men ikkje alkohol det eg veit.
44. Både og. Born og ungdom sprang og dansa kring brisingen, dersom der var slett mark. Men leikarvollen var ofte eit stykke undan, og der leika dei i det lilet brisingen helst på å dabba av – og om det var jonsoknatt – til sola spratt.
45. Ja.
46. Ja.
47. Nei.
48. Eg veit ikkje stort meir enn det eg har fortalt.

## Skikken i dag.

49. Folk i Kvitli, og på Voss elles, har den same meining som før, at det er ein god gamal skikk. Dei held skikken oppe.
50. Skikken har halde seg lik i manns minne. Den auka i 1945 og 1946. Sidan har den minka ned att til det den var før.
51. Under den tyske okkupasjonen 1940–45 fekk ingen lov å brenna brising på högtidsaftan.
Då frigjeringa kom i Mai 1945 var det sume som nytta höve og kveikte store brisingar på synberre stader. Frå dei norske styremakter kom det åtvaring mot det, avdi me den tid hadde samleleir for tyskarar på ekserserMoane på Voss, og det kunne verka eggjande på dei. Men etter dei var ute or landet, kom det nokre år med aukande brenning av brisingar. Det var gleda over frigjeringa som var grunnen.
Skikken verkar som ein samlande faktor, til gleda og fest, og til sterkare nasjonalkjensla.

14234
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING